



Avlsgarden og fruehuset har 40 sengar no (Foto: Baroniet)

To uskedelinger sit i styret for Baroniet no og dei er med og planlegg eit konferansesenter i Avlsgarden. Det er kultursjef Kristian Bringedal og tidlegare generaldirektør i Norsk Hydro Egil Myklebust.

Baroniet har fått tilsegn om 4 millionar frå DnB Nor på vilkår av at prosjektet blir fullfinansiert. Det er leiinga i Baroniet som har teke initiativet til det, som truleg vil kosta 10 millionar kroner..

Myklebust strekar under for Kvinnheringen at Baroniet er eit av dei mest særprega kulturminner i landet.

Det er eit museum som utmerkjer seg gjennom langvarig og intenst arbeid og i sesongen har det eit av dei sterkaste kulturprogramma i landet.

Det representerer den sterkaste positive signaleffekten og er det beste varemerke som Kvinnherad har, held Myklebust fram.

Der han ferdast landet rundt er Baroniet det folk først og fremst asosierar med denne kommunen.

- Det er ein skatt vi må ta godt vare på, seier Myklebust.

Ordførar Synnøve Solbakken peikar på at eit slikt senter vil trekkja fleire til kommunen og forlengja sesongen ved Baroniet.

Av Ola Matti Mathisen



Egil Myklebust: - Baroniet er ein skatt vi må ta vare på (Foto: Wikipedia)